



DEN NORSKE KYRKJA

Ikorntes sokneråd

Referat frå møte i Ikorntes Sokneråd 30.06.2020

Ikorntes kyrkje kl. 20.00.

Til stades: Ingmund Eliassen, Erlend Lunde, Magnar Vigstad, Janita K Eikemo, Ellen B Vatne, Anita Øvergård, Bergljot Hjortdal + Arild Sporsheim

Sak 36/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen innvendinger, sjølv om kort frist.

Sak 37/20 Godkjenning av referat frå forrige møte

Godkjent.

Sak 38/20 Gjennomgang rekneskap og balanse

Arild Sporsheim hadde gjennomgang av siste års rekneskap. Godkjent og underskrive.

Sak 39/20 Trusopplæringsmidler

Vi har fått skriv frå Kyrkjeleg Fellesråd med oppmoding om å tenke på alternative måtar å få inn pengar til kyrkja. Det er varsla at vi får 150.000 mindre pr år i tilskot, så vi må tenkje nytt for å kunne oppretthalde eksisterande aktivitet. Forslag: Oppfordre folk i bygda til å opprette «giverteneste» via ein fast sum pr månad. Gå ut i media og reklamere for dette.

Ønsker fellesmøte med Sykkylven Sokneråd for å diskutere dette og også komme med innspel til andre alternativ. Forslag til møtedato: onsdag 9. september. Magnar melder frå til Sykkylven Sokneråd om tidspunktet.

Sak 40/20 Vedlikehald uteareal

Vi må jobbe med å rekruttere nokon til å luke og stelle rundt kyrkja. Det kan ikkje ligge på soknerådet å halde ugras og mose vekke...

Sak 41/20 Rekruttering av nye medarbeidere knytt til Gudstenestene

Vi treng kyrkjevertar, tekstlesar og kyrkjetenar. Fleire av dei trufaste vi har hatt i mange år har sagt frå seg vervet. Ikkje noko som ein får betaling for... Vi kan tenkje på aktuelle kandidatar å spørre fram til neste møte.

Sak 42/20 Innkjøp av stettglas til kjøkkenet

Fleire som har leigd kyrkjekjellaren har etterlyst dette. Vi godkjenner innkjøp av 100 stk stettglas. Administrasjonen kan stå for innkjøp (gi Elise beskjed).



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Sak 43/20 Ekstrabevilgningar til kyrkja

Det er bevilga pengar til å reparere trappene rundt kyrkja (støype/legge på igjen skiferen), fikse klokketårnet (nytt treverk) og så er det ei av klokkene som også må reparerast.

På budsjettet er det sett av pengar til å bytte det flate taket.

Der har allereie vore to dugnader v/soknerådet med spyling og klargjering til støyping. Ellen har også tatt malejobben som stod igjen i kyrkjestova. Supert!

Sak 44/20 Flaggstang ved kyrkja

Dette er eit stort ønske for mange. Soknerådet tar det som eit prosjekt og vil prøve å søke Gjensidige om støtte. Magnar vil snakke med ordføraren og høyre om å få ein avtale med fast flaggheisar til kyrkja.

Sak 45/20 Covid 19 - situasjonen

Pr i dag er det tillate med 200 stk i Sykkylven kyrkje og 80 stk i Ikornnes Kyrkje.

Vi har heile tida fått løpande og god informasjon frå administrasjonen – all ros til dei for det 😊

Neste møte: Ikkje bestemt

Mulig fellesmøte onsdag 9. sept. -> på Ikornnes?

Skrivar, Anita Øvergård